

Flora Turlag

Årsmelding 2023



Flora Turlag (FT) er tilslutta DNT Sogn og Fjordane, som er ein av medlemsforeningane i Den Norske Turistforeining (DNT). Vårt medlemsområde er gamle Flora kommune, og vi utøvar vårt arbeid i Kinn Kommune. Formålet er å vere leiande formidlar av eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvennleg friluftsliv, samt jobbe for ivaretaking av friluftslivets natur og kulturgrunnlag.

Sidan 1976 har vi lagt til rette for flotte turopplevingar i Flora-naturen. Turlaget har gjennom desse årene vore opptekne av at alle skal kunne finne eit tilbod som passar. I dag har vi turtilbod til alle - frå barn til senior, på dagtid, ettermiddag og helg gjennom heile året. Vi kan i tillegg tilby besøk og overnatting på fire ubetjente hytter.

Styret 2023

Leiar:	Bengt Solheim-Olsen (1 år - nyval)
Styremedlem/Nestleiar:	Anders Myklebust (2 år – nyval)
Styremedlem:	Siv Grov (2 år – nyval)
Styremedlem/sekretær:	Karen Sæten Nilsen (2 år – ikkje på val)
Styremedlem /Kasserar:	Sunniva Geithus (2 år – ikkje på val)
Varamedlem:	Rene Korneliussen (1 år - nyval)
Varamedlem:	Kari-Anne Melvær Strømmen (1 år - nyval)
Revisor:	Alvdis Solvang (1 år – nyval)
Valnemnd:	Heidi Humlestøl Aasen (2 år – nyval) Toralf Otnes (2 år – ikkje på val) Gyda Folkedal (2 år – ikkje på val)

Styrearbeid

Flora Turlag har hatt nok et år med stor og variert aktivitet. Styret har hatt fem møter i 2023, i tillegg til jamn og hyppig kontakt på e-post, telefon og Messenger ved behov. Vi er 100% driven av dugnadsarbeid på alle nivå. Generelt vil styret rette ein stor takk til alle frivillige som bidrar for Flora Turlag. Utan den innsatsen, stå-på-vilja, entusiasmen og arbeidsgleda som blir lagt ned for laget, hadde vi ikkje levert så mykje god aktivitet og gode tilbod som vi gjer. I år starta vi opp et nytt midtveketilbod, Tur&Kultur, med fokus på kystnære turar med kulturelle og anna faglige innslag. Det har vore ein stor suksess med jamn og god deltaking. Vi er glad for at Signe og gjengen har sagt ja til å køyre vidare med konseptet i 2024.

I år er vi veldig nøgd med at vi har fått i gang ein betre, jamnare og større aktivitet i Barnas Turlag. Rene Korneliussen og Nils Magnus har gjort ein kjempejobb, og lagt eit godt grunnlag for høg aktivitet, rekruttering og turglede i framtida.

Årets Trimpoeng i og rundt Florø hadde også i år stor deltaking. Det var rekordmange som tok 64 av 64 turmål, og i same slengen samla inn ei imponerende mengde med poeng. Trimpoeng gjorde lokalsamfunnet nok ein gong om til ein aktiv, sosial arena der nye turmål blei oppdaga. Gjennom dette bidrar Flora Turlag til betre trivsel, og å betre folkehelsa i lokalsamfunnet. I år utvida vi området til Bremanger og Naustdal, men dei nære og enkle turane samla også i år mest folk.



Den nye hytta på Gjegnabu er klar til bygging i 2024 om været og forholda er lagt til rette for det. Finansieringa er for det meste i boks, så vi satsar på storstilt opning der oppe i august. Det er òg svært gledeleg at vi har fått tak i naustet på Prestholmen til å samle kajakkaktiviteten. Beliggenheita er perfekt for å skape ein arena for samhald, trivsel og plaskande moro, i- og rundt naustet som er omgitt av sjø både i nord og sør. Dette har vore styret og padlemiljøet sitt prioriterte mål i fleire år, og når det kom bod på eigedommen i august måtte vi handle raskt for å ikkje miste den unike mogelegheita. Seljar ga oss frist til medio oktober, så da valde vi å kalle inn til ekstraordinært årsmøte som gjorde vedtak om kjøp.


Årsmelding 2023

Styret revidert 21. nov

Medlemstal

Flora Turlag har eit æresmedlem: Astrid Breiland Eliassen.

I år har vi **893** medlemmar, og ser ei nedgåande trend dei to siste åra. Men i ei langtidsperspektiv ser det ikkje dårleg ut, og vi er glade for kvar og ein av dykk som er med på laget.



Turar og aktivitet

Det har vore ein fin tursesong med mange flotte høgdepunkt. Tabellen under viser oversikt over deltaking på årets turar. Vi tar forbehold om at nokre av talla manglar. Avlyste turar er på grunn av vær, manglande påmelding eller turleiarar. Siv Grov er ansvarleg for turprogram og kurs.

	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016
1. Totalt tal avvikla turar/arrangement inkl. B-turar og tysdags- og onsdagstur	112	75	92	72	119		104	107
2. Av disse gjennomført	9	28	9	11	29		13	13
Helgeturar/andre arrangement/OPPTUR	2 avlyst	(16 avlyst)	(20 avlyst inkl. korona avlysninger)	(22 avlyst inkl. korona avlysninger)	(15 avlyst)		(9 avlyst)	(12 avlyst)
BT arrangement	14	4	5	10	3		6	9
Måndagstur	2		4 avlyst	8 avlyst			(4 avlyst)	(1 avlyst)
Tysdags- og onsdagstur	0	0	20	38	20	10	19	11
Tysdag- og onsdagstur dagtid			1	13 avlyst		(2 avlyst)		
Torsdagstur (Senior)	27	20	26	25	21	29	22	33
Onsdagspadling, FHF turar/kurs/arr	8 avlyst	8 avlyst	8 avlyst	13	(1 avlyst)	(4 avlyst)	(1 avlyst)	(9 avlyst)
Tur&kultur - nytt av året		5, 1 avlyst						
Deltakarar								
Vaksne helgaturar /BT	192	133 (2 born)	136/ 139	130	190/9		452	201
Måndagstur			119	137	135	100	205	255
BT – Barnas Turlag		Ca. 390	25/ 38				194	1010
OPPTUR	160 elevar, 40 vaksne	161 elevar	139/ 13		23/152	160	160	160
Tysdags- og onsdagstur	130	165 (3 born)	215	169/ 4	235/4	252	222	370
Torsdagstur (Senior)								(derav 13 barn)
FHF / Kajakk*	262	411	537	447	538	475	405	357
Totalt	86	71	159	81	143	100	101	9
	870	1373	1330/ 190	964/ 4	1264/165		1739	2362

Årsmelding 2023

Styret revidert 21. nov

Tysdag- og onsdagsturar

På starten av året gjekk desse turane på dagtid ut til øyane. Vi fekk sju fine turar i vår flotte skjergard. Mot slutten av året starta vi opp lågterskel turar på tysdagane i nærområdet. Her har vi blant anna gått på Stillebåen og Mekevika. Signe Nordvik og Trygve Nybø har hatt ansvar for desse varierte turane.

Onsdagspadling

Vi har hatt 9 padletura, og mellom 10-15 deltakarar på turane. Det har vore ein fin sesong. Eit av høgdepunkta er padlehelg i Kalvåg. Det blei ei nydeleg og sosial helg i kajakkane. Vi ser fram mot eit aktivt 2024, der vi endeleg har ein samlingsplass og oppbevaring til kajakkane våre.



Torsdagsturar

Enden på en æra. Desse turane har vi arrangert i 9 ½ år, og vi hadde siste tur i juni. Det har vore kjekke formiddagsturar der vi har prøvd å finne nye turmål, og gått utanom dei vanlege turstiane. Totalt desse åra har vi berre avlyst to turar om ein ser vekk frå Covid-19. Her fins ikkje dårleg vær – berre dårlege klede. Takker våre turfaste kjentmenn som i år var Ove Hatleset, Harry Kvalvik, Knut Julnes. Turleiar har vore Trygve Nybø, Arnfrid Bergheim, Hilde B Reksten og Astrid B Eliassen.

Helgeturar

Det har blitt nokre fine helgeturar i året som gjekk. Øyane Over er alltid ein klassikar. Turen blei starta som Flora Turlag sitt svar på Bergen Turlag sin sjufjellstur. Dei fire øyane er framleis dei same. Med på turen i år var det 96 deltakarar. Vi samarbeider med Indre Sunnfjord Turlag og har med turleiar derifrå. Kjekt at det er tilreisande som kjem til Florø, og blir med på tradisjonsturen.

Vi hadde også ein flott til Alden med 39 turdeltakarar, og dei fleste var tilreisande. Turen blei arrangert saman med Indre Sunnfjord Turlag og med turleiar derifrå. Litt grått og vindfullt på toppen, men dei fleste gjekk på begge toppene. Det blei ein fin tur!

Årsmelding 2023

Styret revidert 21. nov

Vi kan også trekke fram skituren på Ålfoten med Keipen Turlag som hovudansvarleg saman med Midtre Nordfjord Turlag og oss. Det var ein kjekk tur for dei 38 som deltok. Vi er glad vi kan samarbeide om turar i Ålfotbreamrådet.

Elles har det vore flotte helgeturar både i Barnas Turlag, kajakkgruppa og Tur&Kultur, pluss ein spennande sopptur. Vi er glade de vil gå på tur med oss i helgene òg.

Tur&kultur

Vårt nyaste turturbod av året. Initiativ og ide kom frå Signe Nordvik. I samarbeid med Keipen Turlag har vi arrangert desse turane som er for alle. Enten om ein er ny på tur, eller erfaren som vil gå med andre. Alle er velkommen! Fokuset har vore gode turbeskrivingar, nye og spennande turar, godt planlagt og organiserte turar. Vi har hatt 22 turdagar til øyane med 311 deltakarar totalt på turane. Vi har blant anna hatt overnattingstur til Skongsnes fyr med to turdagar i Målø, sykkeltur frå Villevika til Botnane, visekonsert på Kinn og konsert i Rognaldsvågen og historiekveld på Kinn. Turane har hatt samarbeid med KFUK-KFUM, Kinnakyrkja, Flora Historielag og Folkeakademiet Reksta. Med mange fine turar og inntrykk, trur vi turgruppa har levd opp til kombinasjonen av tur&kultur.



Barnas Turlag

Med Nils Magnus Eliassen og Renè Korneliussen er det blåst liv igjen i Barnas Turlag. Vi kjem til å lande på 15 turar i år. I snitt har vi vore kring 20 store og små på kvar einaste tur. Vi har fokusert på nærturar i år for å bygge opp aktiviteten gradvis, og prøve å få med fleire foreldre som turleiarar. Turmål har blant anna vore Storeåsen, Brandsøyåsen (Utsikten), Røverhilleren, Kinn og Sørstrand. Nokre av høgdepunkta er Kinnaspelet med 70 deltakarar, overnattingsturen til Kinn, men òg den store gleda borna viser over de små nærturane med bålkos.

Årsmelding 2023

Styret revidert 21. nov

Opptur

Opptur er DNT sin nasjonale turdag for 8. klassingar, og det største arrangementet vårt.

Vi hadde gleden av å ønske velkommen årets 8. klassingar frå Eikefjord og Flora Ungdomsskule saman med lærarane. Turen gjekk som vanlig første onsdag i mai. Turstart er frå Flora Ungdomsskule og Bengt Solheim Olsen ønska god tur og sendte elevane ut på Opptur. 6 km og 492 høgdemeter totalt opp Brandsøyåsen. 160 elevar og 13 lærar deltok. Dagen vart fin, vêret var strålende og ungdommane strålte om kapp med sola. Nokre syns det hadde vert ein kjekk tur, slitsamt og varmt. Sosialt er det alltid.



Sikkerheit

Som alltid har sikkerheit vore i fokus hjå oss, og vi har ikkje hatt nokon personskadar i 2023. Alle turar blir risikovurdert på førehand av turleiar. På alle turane har det vore godkjende turleiar og vi følj DNT sine retningslinjer «Trygge aktivitetar».

DNT sine digitale verktøy

SjekkUT og ut.no:

SjekkUT er DNT si digitale turpostkasse. Den er no lagt inn i ut.no og UT-appen. UT.no er DNT sin digitale tursti, og her har vi 146 turforslag og 4 hytter. Ut.no er eit levande prosjekt som vi oppdaterer heile tida. SjekkUT og turtipsa har vore oppdatert i år og det er mykje nytt. I år har vi starta med å legge ut vadeplassar og bruer. Vi har oppdatert SjekkUT turmål og stader med serverdigheit, og lagt punkt der ein finn mobildekning i område der dekningsgraden er liten. Vi har 170 turmål og stader. I år har det vore heile 16 343 besøk av 933 personar! Ansvarlege for SjekkUT og ut.no er Arnfrid Bergheim og Astrid Breiland Eliassen.

Nye dnt.no:

I år har heile dnt.no gått over på ny nettstad. Alt har difor gått over på nye system. Det gjeld også påmeldingssystemet vårt for turar. Vi jobbar med å få alt over på nye plattformer.

Digital booking av hyttene:

Sunniva og Karen har jobba jamt og trutt med å få på plass digital booking av alle hyttene våre. Vi får det på plass tidleg i 2024. Då vil det bli lettare å booke sengeplass, og det vil spare dei frivillige for mykje arbeid.

Årsmelding 2023

Styret revidert 21. nov

Turtrimmen 2023

Turtrimmen skal motivere til turgåing og gode naturopplevingar. Turpostane er spreidd rundt i heile gamle «Flora kommune» og tilliggjande kyst- og fjellområde. Det er 25 turpostar med ulik vanskegrad. 6 av turpostane er lettare turar og passar som familieturar. Dei som har tatt alle 25 får gratis overnatting på valfri hytte, og tilfeldige vinnarar i dei andre gruppene får DNT gåve. Borna får DNT gåve.

I år har det vore 1 826 besøk av 305 personar – 14 har besøkt alle turmåla. Turtrimmen har ført til at nye turgåarar finn nye turmål. Astrid Breiland Eliassen og Arnfrid Bergheim har hatt ansvaret.

Trimpoeng 2023

Trimpoeng blei nok ein suksess i år. Vi ønsker at folk skal komme seg ut og oppleve nye turmål i det vakre nærområdet vårt. I år inkluderte vi nokre turmål i Bremanger, men heldt fast ved våre 64 turmål. Vi er nøgde med årets sesong. Til saman har vi hatt 1 494 deltakarar og over 66 000 innsjekk! Storåsen er det mest populære turmålet, medan Keipen står seg som den mest eksklusive. Årets Trimpoengkonge, Torbjørn Nilsen, tok svimlande 3 201 poeng gjennom heile konkurransen. Han tok også flest poeng på ei veke; 453 og flest poeng på ein dag; 139. 24 sprekingar tok alle turmåla gjennom desse fire månadane, og vi lot oss imponere over Sophia Helene Osland Hatleset på 11 år. Ho tok heile 1 000 poeng, og er den yngste som har klart dette. Bravopremien gjekk til Lukas Bergli Sunniva og Karen har stått for denne konkurransen.



Årsmelding 2023

Styret revidert 21. nov

Hytter

Som vanleg har hyttene våre vore gjenstand for mykje god dugnad. Dette blir også det første heile året til den nyaste hytta på menyen, Børabu. Årets turistsesong i fjellet var ramma av mykje dårleg vær, vi fekk mange avmeldingar i perioden.

		2023	2022	2021	2020	2019	2018		2023	2022	2021	2020	2019	2018
Gjegnabu	Overnatting	53	46	138	54	104	110	Dagsbesøk	50	25	22	31	14	110
Blåbrebu	Overnatting	65		163	65	69	106	Dagsbesøk	9				21	106
Kinn	Overnatting	412	398	435	482	192	175	Dagsbesøk	129	148	76	72	133	175
Børabu	Overnatting	2						Dagsbesøk	52					
Totalt	Overnatting	532	444	736	601	365	391		240	173	98	103	168	391

Kinn:

På det populære skulehuset har det vore fleire overnattingar enn året før. I tillegg har vi fleire besøk frå fleire forskjellige land. I år har Barnas Turlag vore på overnatting og på dagsbesøk. Ein dykkarklubb, ei fotogruppe, ein folkehøgskuleklasse, ein frå vidaregåande og eit turlag har vore på overnatting. Ein historiekveld og ei anna gruppe på dagstur. Kinnaspelet disponerte hytta som vanleg Kinnospelhelga. Vi har fått på plass tørkeskap, skifta to vindaugsruter, skifta elektrisk inntak, og sjekka det elektriske anlegget. Vi har hatt vanleg tilsyn/vask 1-2 gonger per måned. Maling av vindaugskarmar utvendes og veggane i gangen og toalettet er utsett til neste år. Signe Nordvik har ansvaret for hytta på Kinn.

Besøk: 412 overnattingar // 129 dagsbesøk

Gjegnabu:

I mai blei hytta klargjort for sesongen, og seinare blei den vaska ut. I løpet av sesongen blei det lagt på nytt DNT sengetøy, og i oktober blei hytta klargjort for vinteren. Tilsyn er Dag Eliassen og Martin Mettenes. Martin har hatt tilsynsansvar i over 20 år. Hytta er populær i norsk presse. Den blei presentert i boka «Våre best bevarte hemmelegheiter» og vist og brukt på 71 grader nord.

Besøk: 53 overnattingar // 53 dagsbesøk

Sikringsbu:

Proessen med bygging av sikringsbu er godt i gang. Ålfoten Landskapsvernområde/ statsforvaltar og Bremanger Kommune har gitt tillatelse til bygging av hytta. Det er inngått festekontrakt med Statskog, og kontrakt med byggefirma som skal bygge hytta. Vi har mottatt 910 000,- i tilskot frå lokale banker, fond i DNT systemet og lokale firma. Søknad om 1 000 000,- i tippemidlar er sendt inn. Planen no er å få prefabrikkert hytta i Florø før påske. Vi har då mogelegheit til å ta innreiinga på dugnad. Hytta skal flys opp i seksjonar når snøforholda tillater det. Då skal allereie søylefundament være på plass. Byggekomiteen består av Dag Eliassen, Knut Julnes, Martin Mettenes, Stian Nærøy og Malin Johannessen (dei to siste utfører arkitektarbeid). Så langt er et utført fleire hundre timar dugnad for prosjektet. Arbeidet med hytta har fått publisitet i NRK, Firda Tidende og Firdaposten.



Blåbrebu:

I tillegg til vanleg vedlikehald er det montert ny pipehatt på Blåbrebu i år. Stig Solheim har ansvaret for hytta.

Besøk: 65 overnattingar // 9 dagsbesøk

Børabu:

Kjekt med vår nyaste hytte i drift. Generell rydding og dugnad er gjort gjennom heile året, for å sørge for at hytta alltid i er i god stand. Utedoen er tømt, ved er kappa, vindfanget er tetta, og inngangsparti er grusa. Spaden er oppe – og hytta er klar for besøk til vinteren! Til neste år trengs eit nytt lass med ved og gass. Arild Nordal har ansvaret for Børabu.

Besøk: 2 overnattingar // 52 dagsbesøk



Prestholmen

Vi har lenge leita etter ein plass å oppbevare kajakane våre. Dei står ute året rundt, og det slit på dei. No har vi endeleg ein slik plass. I tillegg er Prestholmen meir enn berre kajakoppbevaring. Det er ein stad å samlast, ein stad å utforske fjøra, ein stad kvar vi endeleg kan oppbevare alle tinga våre, og ein stad som vil utvikle vårt tilbod. At Prestholmen i tillegg er den perfekte lokasjonen for å padle ser vi veldig lyst på. Vi har eit kajakmiljø i vekst, og dette vil styrke det ytterlegare. Å ha tilgang til ein slik stad trur vi vil bidra til at fleire av medlemmane våre brukar meir tid utandørs. Her kan ein enkelt vere i fysisk aktivitet og oppleve naturen på nært hald. Det kan også auke aktiviteten for padling og kystfriluftsliv for born, unge og vaksne i et trygt og sikkert miljø. I tillegg er nauset lett tilgjengeleg. Med små grep kan vi gjere det fult framkommeleg med rullestol og barnevogn.

Dugnadstimar

Det blir kvart år lagt ned betydeleg med dugnadstimar i turlaget. Tusenvis av dugnadstimar gir tilbake lokalsamfunnet. Mange har deltatt på dugnaden i år. Ingen nemnt og ingen gløymd, men en stor takk til alle som har vært frivillig!

De er sjølve motoren i laget - år eller år.

Naturvernsarbeid

Vi har hatt Strandrydding i samarbeid med Fjordane Friluftsråd. Vi tok båten til eit område i Florøbassenget som trengte litt kjærleik og opprydding. Vi kunne friste med trimpoeng og fiskesuppe frå Quality Hotel til dei som deltok.



Ålfotbreen Landskapsvernområde

Dag Eliassen er vår representant i ressurskomiteen for Ålfoten

Landskapsvernområde. Saman med Leidulf Solvang som grunneigar til området, har vi påverka til utbygging av parkeringsplass i Grøndalen, informasjonsskilt på busshaldeplassen i krysset til Norddalen, samt innspel om utbering av stiar. På stien opp til Blåbrebu skulle Landskapsvernområdet eigentleg ha utført arbeid, men det er stoppa opp på grunn av sein saksbehandling i Kinn Kommune. Det er òg planar om å rydde stien langs vatnet inn til Svartedalen.

DNT Sogn og Fjordane

Bengt og Anders deltok på årsmøte på Skei Hotel 25. januar.

Sunniva Geithus, Signe Nordvik og Heidi Humlestøl deltok på fellesmøte til DNT Sogn og Fjordane. I år var møte på Knutholmen i Kalvåg, 28-29. oktober. Vi held innlegg om Tur&kultur.

Turleiarar og kurs

Turleiarsamling:

Vi arrangerte turleiarsamling 7. september. Ansvarlige arrangørar var Astrid Breiland Eliassen, Siv Grov og Anders Myklebust. 16 deltakarar, samansett av turleiarar og styrets møtte. Det blei ei fin samling med gode innspel og refleksjonar.

Ambassadørkurs:

Ein ambassadør er et aktivt DNT-medlem som har god kjennskap til DNT og den aktuelle medlemsforeining. Desse er no nettbasert. [Her](#) finn du dei, og [her](#) finn du ulike kurs i regi av DNT.

Nærturleiarar i Flora Turlag:

Siv Grov, Hilde Bjerck Reksten, Rene Korneliussen, Elin Sæter Standal, Jacob Nødseth, Jan Arne Holm og Gyda Folkedal. Nærturleiar er ein turleiar som kvalifiserer til å lede kortare dagsturar, opptil fem timer, i områder kvar ein er lokalkjent.

Årsmelding 2023

Styret revidert 21. nov

Grunnleggjande turleiarar:

Sissel Strømmen, Alvdis Solvang, Trygve Nybø, Ane Eliassen, Marit Linda Espeseth, Martin Hauge, Jofrid Sundal, Terje Heggheim, Siri Stavang, Idun Jansen, Anders Myklebust, Eilif Bjerck, Astrid Breiland Eliassen, Toralf Otnes, Bengt Solheim Olsen, Jan Midtbø, Terese Eikefjord, Eva Wiik Strømgren, Kolbjørn Nybø, Terje Grøneng, Siv Merete Stadheim, Karen Nilsen, Arnfrid Bergheim, Danckert Dankertsen og Kristin Orre. Som grunnleggjande turleiar er du kvalifisert til å leie turar i låglandet på sti og veg, hovudsakleg på sommarstid.

Sommarturleiar:

Nils Magnus Eliassen, Dag Eliassen, Signe Nordvik, Lisbeth Ingvaldsen, Kolbjørn Hovland og Kjetil Tveranger. En sommarturledar kan ta med seg eit turfølgje på fjellet i sommarhalvåret, også i krevjande terreng. Turane arrangerast gjerne med overnatting på DNT-hytter.

Vinterturleiar:

Stig Solheim. Ein vinterturleder i DNT kan lede turar på høgfjellet i vinterhalvåret, også i krevjande terreng.

Samarbeid

Vi takkar alle våre gode samarbeidspartnarar og sponsorar! Det krev støtte og gode støttespelarar for å få ting til, og vi hadde ikkje fått til det vi gjer utan dykk. Spesielt med dei investeringane vi gjer både ved Gjegnabu og på Prestholmen. *Ingen nemnt, ingen glemt*



Vi vil rette ei **stor takk** til alle frivillige som gjer ein glimrande dugnadsinnsats for turlaget!



Bengt Solheim Olsen
Styreleiar

Anders Myklebust
Nestleiar

Sunniva Geithu
Kasserar

Siv Grov
Styremedlem

Karen Nilsen
Styremedlem

Kari-Anne Melvær Strømme
Varamedlem

Rene Korneliussen
Varamedlem